

Leder Kongens tale

Sats på forebygging

Knivstikking, bandekriger og brutale slagsmål er hverdagen for mange unge i Oslo. Det fins en utvei.

Den går blant annet gjennom forebyggende arbeid og opprustning av tilbud som gir en annen mening med livet.

Det er ikke bare i Oslo det kan være vanskelig å være ung, men mer enn noen andre steder er det der det har utviklet seg så store, destruktive miljøer, at det gjør hele bydeler utrygge og utrivelige.

Det var nok dette kong Harald hadde i tankene, da han i sin nyttårstale grep fatt i en ordveksling mellom en politibetjent i oslopolitets gatepatrolje og en ungdom på skråplanet:

Da den unge gutten mente politimannen bare drømte når han trodde på en endring for ham og kameratene, svarte politimannen: «Kanskje det. Men min drøm starter med deg. Da ble gutten stille», siterte kongen.

I mellomtiden kan vi ikke legge bak oss en slagmark. Kongens observasjon er god. Situasjonen viser at det er utveier for dem som er inne i en negativ spiral. Og den er et eksempel på at mange mennesker bruker livet på å hjelpe andre inn på bedre spor.

Den aktuelle politibetjenten, Jan Erik Bresil, sier til NRK at talen var en anerkjennelse til alle de politibetjentene som hver dag jobber med forebyggende arbeid, sier han.

Anerkjennelsen er lett å slutte seg til, men den går lengre enn til Gatepatroljen i Oslo, for forebyggende arbeid handler om flere ting enn unge kriminelle.

Ikke minst innen rusomsorgen er det viktig at det fins lavterskeltilbud som både hjelper folk til en bedre hverdag, men også sparer samfunnet for de belastningene og omkostningene det påfører oss å la ting skure og gå.

I 2016 ble tusenvis av familier i Rogaland berørt av nedgangstidene i petroleumsindustrien. Stadig flere står i fare for å komme inn situasjoner med motløshet og mangel på oppgaver.

Det er i slike situasjoner både frivillige og profesjonelle må bidra. Men det er også i slike situasjoner det offentlige har en tendens til å stramme inn. Litt for ofte handler budsjettkutt om å ta bort tilbud til de svakeste, enten det gjelder i form av tilskudd til idrettsaktiviteter eller andre tiltak som kan bidra til å fylle livene med meningsfulle ting.

Det vil komme bedre tider, men i mellomtiden kan vi ikke legge bak oss en slagmark med unge og rusavhengige som aldri fikk mulighet til å komme videre. Der har kongen et viktig poeng og politikerne en enorm utfordring.

**PITTER**

Pål Morten Borgli låner ordførerkjedet selv om Wirak er i byen. Det er bare et tidsspørsmål før det skjer en kjedekollisjon.

Gjestekommentar

Kvardagen kallar

Ære være olja og optimismen, men fortsatt er det innsats og arbeidsmoral som gjeld.



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved UIS
og NHH

Omsider er ventetida over. Liketil og lovande er kvardagen her. Opp og ut før sola renn. Fem dagar arbeid, to dagar helg. Faste fritidsaktivitetar og inga tid å miste. Skuldrene er senka og blikket er løfta – mot eit nytt ubrukt år. Slik kan det og kjennast når høgtida er bak oss.

Spenningane aukar

Fjoråret er uansett tilbakelagt. Det var vel ikkje så mykje meir enn det måtte være. Popstjerner gikk bort, populistar vann fram og i politikk og næringsliv har kunnskapen vike plass for kjapp kommunikasjon av omskiftelege kjensler og stemningar, både ute og heime. Ved inngangen til 2017 er spenninga høg, både mellom land og innafor land. Konflikatar let til å få næring frå uro knytt til aukande kulturelle og økonomiske avstandar. Uvisse er stor rundt utsiktene, og det er ikkje så vanskeleg å teikne eit pessimistisk bilete for økonomi og politikk i året som kjem. På same tid skal ein huske at media stundom har ein tendens til å overdramatisere dei negative utviklingstrekk. Fortsatt er det nemleg mykje som går framover her i

I det internasjonale biletet er det lite som tyder på nokon markant oppsving det komande året.

verda. Mange har fått det betre fordi fattigdom, sjukdom og analfabetisme no er på retrett. Investeringar i helse, energiforsyning og kommunikasjon har gitt gevinstar i form av høgare velferd i mange utviklingsland verda over.

Retorikk og realitetar

Optimismen er stor når det gjeld innovasjon, teknologiutvikling og gründerverksemd. Eit symptomatisk eksempel fekk me i førre veke, då Aftenbladet intervjuar FN sin undergeneralsekretær Erik Solheim etter eit foredrag ved Misjonshøgskolen i Stavanger. Den tidlegare SV-leiaren har konvertert, og står i dag fram som ein uhemma forkynnar for krafta i det private næringslivet. Problemet er at når underbygginga ikkje er heilt overtydande, så får optimismen eit islett av overtru. Eit liknande mønster gjer seg gjel-

Avisen Stavanger Aftenblad skal ha en liberal grunnholdning med vekt på uavhengighet av politiske partier, grupper og særinteresser.

Fra Stavanger Aftenblads vedtektsfestede formål

MENINGER

Drøset

Forsettet

Han låg i senga og lurte på om han burde fått seg eit forsett. Det var altfor tidleg, med tanke på kor seint han hadde lagt seg. Han hadde sove for kort. Han blei dårlegare og dårlegare på soving med åra. Skulle han hatt eit forsett om å sova betre i 2017? Nei, sånt rår ein jo ikkje over.

Han skifta stilling. Stønna. Kroppen hadde blitt 28 år eldre over natta, kjendest det ut som.

Burde han få seg ein yngre kropp i 2017? Han smilte for seg sjølv over den doble tydinga i hans eigen tanke - og blei straffa med eit ekstra stikk av smerte gjennom den altfor tronge hovudskallen. Han kjende til fleire menn på sin eigen alder som hadde fått seg yngre kropp, ei ny dame, eit

nytt liv - og masse styr på kjøpet. Han fekk endå meir skalbank bare ved tanken.

Og sin eigen kropp? Den kom definitivt ikkje til å bli yngre i 2017. Han kom til liggja her, om nøyaktig eitt år, og vera nøyaktig eitt år eldre. Burde han teke fleire armhe-

vingar i året som kom? Ja, han burde nok det. Burde han teke fleire sit ups? Sannsynlegvis. Kom han til å gjera det? Aldri i livet.

Han rugga forsiktig på sitt skrøpelege skrog. Korleis var det mulig å både vera for varm og for kald samtidig? Han prøvde å justera på dyna. Eitt felt naken hud kom i kontakt med soveromslufta - og blei plutselig iskald. Han gjorde ei brå rørsle, angra umiddelbart då han kjende kvalmen kroa seg i magen. Han burde nok eta mindre. Akkurat i dag kom ikkje det til å bli eit problem.

Burde han drikkja mindre? Folk dreiv jo og hadde kvit månad i januar. Burde han også det? Nei. Sannsynlegvis burde han drikkja meir. Han var altfor kontrollert. Gjekk alltid tidleg heim. Hamna aldri på galeien lenger. Var altfor lite ute. Men akkurat her han låg, orka han ikkje tanken på meir alkohol før langt utpå våren ein gong.

Han gav opp. Skulle han starta på eit nytt og betre liv, måtte han utsetja det til i morgon. Trudde han.

**Kom han til å gjera det?
Aldri i livet.**

dande i eit debattinnlegg frå NHO Rogaland sin direktør i romjula, der optimismen for regionen står i sterk kontrast til det som nærmast er å rekne som realitetar for 2017.

Oljeinvesteringane er fortsatt på veg ned, konkurseren er på veg opp og arbeidsløysa har enno ikkje passert toppen.

Verdsøkonomien

For oss her på Vestlandet er det tre områder av økonomien som blir spesielt viktige i året som kjem. For det første gjer den store internasjonale kontaktflata at Vestlandet blir særleg påverkeleg for utsiktene for verdsøkonomien. Høg internasjonal vekst gir auka potensial for eksport frå Noreg, samt betre utsikter for oljepris og oljeverksemd. I det internasjonale biletet er det lite som tyder på nokon markant oppsving det komande året. Snarare verkar det som om fleire vestlege økonomiar for tida lir av utmatting, samstundes som det har roa seg rundt framveksande økonomiar som Brasil, Russland, India og Kina. Det internasjonale pengefondet (IMF) har varsla oppsving kvart år sidan 2011, men så langt har verdsøkonomien slakka farten. Difor blir nok verdsøkonomien i 2017 ikkje meir enn så som så.

Oljeprisen

For det andre er utviklinga på Vestlandet fortsatt knytt til utviklinga i oljeprisen. Her blei 2016 det stor comeback-året for Opec. Planlagte kutt i produksjonen har dempa utsiktene for oljeforsyninga, og olja har difor blitt litt meir knapp og litt mindre billeg enn før. Spørsmålet er om auka i oljeprisen vil spele noka rolle. No har oljeselskapa svetta seg gjennom to år med låge prisar. Pengane har fossa ut, investeringane er strupa, gjelda har gått opp og vekstutsiktene har gått ned. Resultatet er at oljeselskapa no vil tenke seg om meir enn ein gong før dei opnar lommeboka igjen.

Om dette ikkje er gode nyheitar for 2017, så vil var-

semd med kostnadane betre grunnlaget for stabil aktivitet i olje- og gassverksemda på litt lengre sikt.

Klimapolitikken

For det tredje er Noreg og Vestlandet fortsatt uløyselig knytt til energiutsiktene. Uavhengig av om ein trur på menneskeskapte klimaendringar, så ser ein allereie at energi- og klimapolitikken er under omlegging verda over. Konsekvensane av denne omlegginga blir vanskelege å vri seg unna, sjølv for pengेरike nasjonar som Noreg. Om ein skal ta Paris-avtalen på alvor, så peikar politikken mot høgare prisar på drivstoff for forbrukarane og lågare råoljeprisar for oljeselskapa. Høgare kostnadar ved CO₂-utslepp skal dempe etterspurnaden etter fossile brensel. Verknadane av omlegginga vil slå inn for fullt først på lengre sikt, men klimapolitikken vil likevel prege valkampen 2017 på eit vis som kan få konsekvensar for Vestlandet allereie dei nærmaste åra.

Privat huskeregel

Viktige forhold ved utsiktene for Vestlandet er dermed gitt frå verda rundt oss, og medvinden let vente på seg. Det betyr ikkje utan vidare at lagnaden vår er upåverkeleg. Innsats, arbeidsmoral og produktivitet er nemleg fortsatt dei viktigaste føresetnadane for framgang. Ikkje eingong oljerikdommen kan redde velferdsstaten om me tillet oss å sakke akterut på dei grunnleggande faktorane bak verdiskaping og vekst. For dette korte utsynet over året som kjem, kan det difor passe å avslutte med Kolbein Falkeid sin appell «Privat huskeregel»:

Du skal ikke klistre fine øyeblikk opp på veggene i tankene og forgylle dem med lengselen din. Du skal kjøre spettet hardt innunder arrete hverdager og vippe dem opp. En etter en. Det er derfor livet har deg på mannskaplista.



«Viktige forhold ved utsiktene for Vestlandet er gitt frå verda rundt oss, og medvinden let vente på seg», skriv Klaus Mohn.

FOTO: JON INGEMUNDSEN

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 28-31

Deilig er jorden på skolen
Liv Runesdatter og Maren Songe-Møller
Meningsløshetens vind
Sveinulf Vågane i La Naturen Leve